
Saksnr: 2020/1426-26
Saksbehandlar: Astrid Lernes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Fv. 500 Folgefonntunnelen – Årsnes, tunnel og vegutbedring – godkjenning av byggestart

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes i Kvinnherad kommune.
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 497 mill. 2021-kr.
3. Under føresetnad om semje med entreprenør om målpris får fylkesrådmannen fullmakt til å inngå samspelskontrakt med entreprenør.

Samandrag

Prosjektet er ein del av bompengeproposisjonen Kvinnheradpakken. Sjølv om bompengeproposisjonen ikkje er vedteke enno av Stortinget er dette eit prioritert prosjekt for fylkeskommunen. Under føresetnad om semje med entreprenør om målpris er neste fase å inngå ein samspelskontrakt med entreprenør. Så langt vurderer fylkesrådmannen at gjeldande kostnadsramme, 497 mill. 2021-kr, er tilstrekkeleg til å gjennomføre prosjektet.

Fylkesrådmannen tilrår i saka å få endeleg godkjenning på byggestart samt få fullmakt til å inngå samspeskontrakt om gjennomføring med entreprenør ved semje om målpris på prosjektet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland handsama i desember 2018 saka «Kvinnheradpakken - delvis bompengefinansiering og fylkeskommunalt bidrag». Vedtaket i saka danna grunnlaget for utkast til bompengeproposisjonen for Kvinnheradpakken som vart sendt inn til Samferdselsdepartementet i desember 2020. Denne vegstrekninga, fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes, er prioritert som prosjekt nr 3 i bompengepakken. Bompengeproposisjonen er ennå ikkje handsama i Stortinget.

I bompengeproposisjonen er det føreset følgjande finansieringskjelder i 2020-kr.

Kommunale midlar	79 mill. kr
Fylkeskommunale midlar	213 mill. kr
Fylkeskommunale skredsikringsmidlar	322 mill. kr
Bompengar	<u>186 mill. kr</u>
Sum	800 mill. kr

Då Kvinnheradpakken inneheld mykje kommunale og fylkeskommunale midlar er arbeidet med å realisere nokre av prosjekta godt i gang. Desse prosjekta er blitt prioriterte i investeringsbudsjettet av Hordaland fylkeskommune før samanslåinga og vidareført i Vestland fylkeskommune.

I budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 står følgjande omtale for rassikringsprosjektet fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes:

«Fv. 550 (tidlegare fv. 551) Krokalandet (del av Kvinnheradpakken)

Prosjektet er del av Kvinnheradpakken. For fv. 550 Krokaparsellen er det valt anbudsprosedyren konkurranseprega dialog, og totalentreprise med samspel som kontraktsform. I hovudsak betyr det å involvere entreprenør på eit tidlegare tidspunkt, allereie i reguleringsplanfasen, og nytta entreprenørane sine erfaringar og kunnskapar i planlegginga for å få eit betre sluttprodukt. Målet er å få betre løysingar, meir veg for pengane og betre kontroll på risiko og uvisse. Prosjektet omfattar om lag 1400 m tunnel, og vegutbetring på delar av strekninga mellom Folgefonntunnelen og Årsnes. Løyvinga til prosjektet er auka med 47 mill. kr i 2024 grunna oppdaterte anslag. Samla totalprognose for prosjektet er 456 mill. kr.

Det er sett av 82,2 mill. kr. i 2021, 82,2 mill. kr. i 2022, 102,8 mill. kr i 2023 og 77,8mill. kr. i 2024.»

I 2019 vart det bestemt å nytte ein gjennomføringsmodell med anbudsprosedyre konkurranseprega dialog og samspillkontrakt med målpris basert på NS 8407.

Anskaffinga konkurranseprega dialog vert gjennomført i to trinn, først prekvalifisering og deretter konkurranseprega dialog. Arbeidet med prekvalifisering starta opp hausten 2019 og 3 entreprenørar vart kvalifisert til å delta i neste fase - konkurranseprega dialog.

Føremålet med prosedyren konkurranseprega dialog er at oppdragsgjevar og den enkelte leverandør saman skal finne dei beste løysningane. Under dialogen kan alle aspekt ved anskaffinga diskuterast med leverandørane, både tekniske, tidsmessige og økonomiske forhold. Denne dialogen vart gjennomført i perioden januar - april 2020, og resulterte i at det i juni 2020 vart inngått ein utviklingskontrakt med ein entreprenør.

Utviklingskontrakten er også delt inn i tre fasar;

1. Entreprenør og byggherre utviklar prosjektet saman og vert einige om løysingar. Prosjektering og regulering skjer parallelt i denne fasen.
2. Entreprenør og byggherre skal saman lage ein detaljert målpriskalkyle for den påfølgjande gjennomføringsfasen
3. Gjennomføring - entreprenør detaljprosjekterer og byggjer i tråd med utarbeida planar/reguleringsplan.

Status i arbeidet no er at vi nærmar oss slutten i fase 2 og at vi snart har ein målpriskalkyle for prosjektet. Fylkesrådmannen meiner det er realistisk å inngå kontrakt i løpet av juni og at gjennomføringa av prosjektet vert starta opp i haust med ferdigstilling kring årsskiftet 2023/2024.

Då dette prosjektet har ei kostnadsramme over 250 mill. kr skal prosjektet i følgje delegeringsreglementet attende til fylkestinget for særskilt godkjenning før kontraktsinngåing og igangsetting.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. pkt. 3.1.2 i reglement for delegering til fylkesrådmannen

Vurderingar og verknader

Med føresetnad om at fylkesrådmannen vert einig med entreprenør om målpris, er neste steg å inngå ein målpriskontrakt om gjennomføring. Målpris kan definerast som den prisen byggherre og entreprenør trur gjennomføringsfasen vil koste. I kontrakten er også fordeling av kostnader ved ev. overskridingar fastsett, så dette risikoelementet er blitt redusert i ein tidleg fase. I dette prosjektet vil fylkeskommunen måtte dekke 50 % av ei overskriding på inntil 7% av målpris.

Valet med å prøve ein gjennomføringsmodell med anbudsprosedyren konkurranseprega dialog og samspillkontrakt med målpris har vore krevjande, då det ikkje er så mange, verken entreprenørar eller byggherrar, som har erfaring med dette. Men fylkesrådmannen er godt nøgd med resultatet så langt, og meiner vi i dette tilfellet vil få mykje «veg for pengane».

Fylkesrådmannen meiner at gjeldande kostnadsramme, oppjustert til 497 mill. 2021-kr, er tilstrekkeleg til å gjennomføre prosjektet. Løyvinga skal blant anna dekke målpriskontrakten med entreprenør, eigne byggherrekostnader, meirverdiavgift, grunnerverv og ev. overskridingar.

Økonomi: Investeringsprosjektet ligg inne i gjeldande budsjett/økonomiplan med ei kostnadsramme på 497 mill. 2021-kr.

Klima: Prosjektet inneberer bygging av tunnel på ca. 1400 meter og vegutbetring. Bygging av prosjektet vil føre til ein auke i klimagassutslepp i byggeperioden. Den samla effekten av tiltaket på lang sikt er ikkje berekna.

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Prosjektet er ein del av bompengeproposisjonen Kvinnheradpakken. Sjølv om bompengeproposisjonen ikkje er vedteken enno av Stortinget er dette eit prioritert prosjekt for fylkeskommunen. Under føresetnad om semje med entreprenør om målpris, er neste fase å inngå ein samspelekontrakt med entreprenør. Så langt vurderer fylkesrådmannen at gjeldande kostnadsramme, 497 mill. 2021-kr, er tilstrekkeleg til å gjennomføre prosjektet.

Fylkesrådmannen tilrår i saka å få endeleg godkjenning på byggestart samt få fullmakt til å inngå samspelekontrakt om gjennomføring med entreprenør ved semje om målpris på prosjektet.